



MØTEBOK

Eigedomsavgifter 2019

Utval sak	Utval	Møtedato
81/18	Utval for plan og miljø	20.11.2018
	Kommunestyret	19.12.2018

Vedlegg:

- 1) Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS: Budsjett 2019
- 2) Detaljbudsjett VAR
- 3) Investeringsbudsjett 2019-2022

Bakgrunn:

1. Vatn og kloakk.

Historikk:

I perioden 2008 til 2017 vart årsavgiftene gradvis redusert. Vatn vart redusert frå 3 534,- til 3 029,- (inkl. mva.), medan avløp vart redusert frå 5 452,50 til 3 795,-. Tilknytingsavgiftene har ikkje vore endra sidan 2006.

Tilsvarende sak i fjor varsla årleg gebyrauke på 5 % på begge avgiftsområda, der vatn fekk avgiftsauke allereie inneverande år. Det vart vidare peika på risiko ved høgare rentebane og investeringstakt. Begge faktorane slår negativt inn på resultatata på sjølvkost.

Generelt:

Detaljbudsjettet som vert presentert i denne saka er dei same som er presentert i Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019 -2022.

Kostnadssida:

Personale mm.

VA har i heile 2018 hatt 2,0 stillingar i drifta og direkte mannskapskostnader er fordelt 65-35 mellom vatn og avløp. Dette blir vidareført i 2019, men styrka med teknisk sjef. Administrasjonskostnader er belasta 60 % på vatn og 40 % på avløp. Lønsoppgjeret for 2019 er basert på ein vekst frå 2018 på 3,25 %. Prisauke er kompensert med ei individuell vurdering på kostnadsartar, og internkjøp er regulert med kommunal deflator på 2,8 %, jf. statsbudsjettet.

Renter:

Frå og med 2014 er kalkulasjonsrenta basert på 5 års swap-rente + 50 rentepunkt. Ein har prognostisert renta til 2,0 % i 2018, og budsjettet med 2,54 % for 2019 medrekna margin. Denne er no litt høgare enn lånekostnaden for kommunen. I økonomiplanen har ein lagt inn ein aukande prognose for perioden 2020-22, opp til 3,63 % i 2022.

Investeringar:

I 2018 har me gjennomført, og står føre ei rekkje store investeringar både på vatn og avløp. Dette minkar litt mot slutten av økonomiplanen, men renteberande kapital vil auka. Me viser til investeringsbudsjettet for kommunen, der alle prosjekta er beskrevet. Investeringar i 2018 vil påverka driftskostnadene med fulle renter og avskrivningar i 2019. Investeringar i 2019 vil belasta VA-rekneskapen i 2020, osv.

Etter avskrivningar vil me pr. 1. januar ha ein renteberande kapital på om lag:

	2018	2019	2020	2021	2022
Vatn	19,8 mill.	22,7 mill.	23,6 mill.	22,8 mill.	22,0 mill.
Avløp	14,9 mill.	18,6 mill.	19,8 mill.	19,1 mill.	18,5 mill.

Og kapitalkostnadene med budsjettert rentenivå vil bli slik (tal i 1.000 kr):

Vatn	1 392	1 617	1 787	1 855	1 868
Avløp	773	1 314	1 478	1 544	1 563

Vurdering gebyr VA:

Felles:

Det har ikkje vore auke i gebyra dei siste par åra, på grunn av låge investeringar, og lite reparasjonar, som har ført til at driftsfonda har auka. Gebyra har dessutan vore sette med utgangspunkt i at ein skulle ta ned fonda, dvs. med underskot i budsjetta.

Inntektene for vatn vart underbudsjettert. Saman med ei stor eingongsinntekt (grunna manglande målaravlesar hos ein større forbrukar i 2017), vert resultatet på vatn positivt i 2018, opp mot 500 000,- i overskot. Avløp kjem til å enda på eit tilsvarande underskot, som er noko større enn budsjettert underskot på 370 000,-.

1213 betalar ordinært årsgebyr for vatn, medan det er 90 abonnement på leilegheiter og 100 fritidsbustadar. I tillegg har 19 av 39 vassmålarar grunngbyret og vassvolumet på resterande er om lag 27 500 m³.

For avløp har ein 674 årsgebyr med tillegg av 111 leilegheiter og 17 fritidsbustadar.

Grunngbyra (For hus er det vanleg 1,0 grunngbyr, hytter har 0,5. Men det kan vera opp til 7 grunngbyr for svært store bygg) var i 2018:

Vatn	3 180,- inkl. mva.
Avløp	3 795,- inkl. mva.

Driftsfonda pr. 31. desember 2017 var:

Vatn	825 800,- (inkl. Dåfjorden vassverk)
Avløp	1 392 000,-

Fonda blir godskrive med same rentesats som elles for VAR, og kjem som inntekt i sjølvkostrekneskapen.

Estimerte driftsfond pr. 31. desember 2018 er:

Vatn	1 200 000,- (inkl. Dåfjorden vassverk)
Avløp	1 000 000,-

Renta er framleis relativt lav, men ein ventar ein merkbar auke i perioden. Forventa rentebane ligg markert over forventningane for eit år sidan.

Me ser at me i løpet av økonomiplanen vil få ein monaleg auke i gebyra grunna investeringane og rentekostnadane knytt til desse. Me har budsjettert med bruk av fond dei siste åra. Det synest difor rimeleg å gjera denne gebyrauken gradvis.

Konklusjon:

Ein føreslår uendra årsgebyr på vatn i 2019, men med ei årleg auke på 4 % dei neste tre åra. Vassfond vil i all hovudsak vera nytta ved utgangen av 2022, og tenesta vil vera nær balanse.

For avløp føreslår ein å auke årsavgifta med 10 % kvart av dei første tre åra, og 5 % i 2022. Då vil fondet vera nytta samstundes som at tenesta er i balanse.

I samband med tilsetjing av teknisk sjef, der 50% av stillinga er foreslått finansiert frå VA, føreslår ein å dekke meirutgiftene på sjølvkost ved å auke tilknytingsgebyra. Tilknytingsgebyr på vatn vert foreslått auka frå 8 000,- til 16 000,- og tilknytingsavgift avløp frå 9 000,- til 13 000,-. Dette vil framleis vera vesentleg lågare tilknytingsavgift enn t.d. Stord og Bømlo.

2. Gebyr for gjennomføring av lovbestemt feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

Grunna revisjon av avtalen med Stord kommune vert det lagt fram eiga sak for utvalet 11. desember.

3. Slam og renovasjon.

Dette arbeidet blir utført av SIM, som og har rekneskapen. Kommunen ivaretek abonnementsregister og dispensasjonar, og har ei lita godtgjersle for dette arbeidet. I vedlagde budsjett frå SIM er administrasjonsgodtgjersla justert for prisauke. Tala er no 96 000,- for renovasjon og kr 30 153,- for slam.

Abonnementsgebyret for renovasjon vert auka med 250,- inklusive mva. for hus, og 13,- inklusive mva. for hytter. Renovasjon har elles tilfredsstillande resultat og fond. Auken i gebyret skuldast at SIM har auka gebyra til kommunen. SIM sin gebyrauke er grunnngjeven med utvida henting av restavfall og henting av plastemballasje heime.

Satsane for slam er foreslått auka frå 2018 til 2019 med 25,- inklusive mva. for hus, Og 106,- inklusive mva. for hytter. Slamtøming blir utført annakvart år, men gebyra fakturert kvart år, og rekneskapen viser tilsvarende store over- og underskot, som vart ført til / trekt frå fond. Rekneskapen er føresett å gå i balanse over 2 år. Det er ikkje tøming i 2019. Ordninga har tilfredsstillande resultat og fond.

Framlegg til vedtak:

Utval for plan og miljø rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre fastset fylgjande satsar for eigedomsavgifter for 2019, gjeldande frå 1. januar 2019:

Årsgebyr for vatn vert ikkje auka i 2019.

Årsgebyr for avløp vert auka med 10 % til 3 340,- (4 175,- inkl. mva.)

Tilknytingsgebyr for vatn vert sett til 16 000,-.

Tilknytingsgebyr for avløp vert sett til 13 000,-.

Gebyra for renovasjon vert auka i samsvar med forslaget frå SIM.

Gebyra for slam vert auka, jf. forslaget frå SIM.

Lovbestemt meirverdiavgift kjem i tillegg til satsane.

Behandling i Utval for plan og miljø - 20.11.2018:

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Fitjar kommunestyre fastset fylgjande satsar for eigedomsavgifter for 2019, gjeldande frå 1. januar 2019:

Årsgebyr for vatn vert ikkje auka i 2019.

Årsgebyr for avløp vert auka med 10 % til 3 340,- (4 175,- inkl. mva.)

Tilknytingsgebyr for vatn vert sett til 16 000,-.

Tilknytingsgebyr for avløp vert sett til 13 000,-.

Gebyra for renovasjon vert auka i samsvar med forslaget frå SIM.

Gebyra for slam vert auka, jf. forslaget frå SIM.

Lovbestemt meirverdiavgift kjem i tillegg til satsane.

Olaug Haugen
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.